

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2016-0367	<b>Søknadsår</b>	2017	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
<b>Prosjektnavn</b>	Effektiv utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel ved engdyrkning			

### Kort beskrivelse

Strukturelle endringar og auka yttingsnivå i norsk mjølkeproduksjon og anna husdyrhald har i fleire område ført til auka konsentrasjon av husdyrgjødsel. N- og P- mengda i sirkulasjon har auka. For liten lagerkapasitet og lange avstandar til leigejord kan medføra underoptimal utnytting av husdyrgjødsel, og lenger veksetid men våte haustar påverkar driftsmåten. Endringane medfører trong for ny forskingsinnsats omkring utnytting- og tap av N og P, og verknad på grasavling og overvintring.

### Prosjektbeskrivelse

Strukturelle endringar og auka yttingsnivå i norsk mjølkeproduksjon og anna husdyrhald har i fleire område ført til auka mengder og konsentrasjon av husdyrgjødsel. Auka bruk av proteinrikt kraftfôr og N-gjødsel i grovfôrdyrkinga har auka N-innhaldet i storfe gjødsel, og medført større mengder næringsstoff i sirkulasjon. For liten lagerkapasitet og lange avstandar til leigejord kan medføra underoptimal utnytting av husdyrgjødsela. Lenger veksetid men våte haustar påverkar driftsmåten. Under jord- og klimavilkår som er i kystfylka frå Sør-Vestlandet og nordover er det ofte vanskeleg i praksis å utnytta den utvida veksetida utover hausten. Dette medfører faglege utfordringar, både agronomisk og miljømessig, knytt til gjødslings- og driftsmåte. Endringane medfører trong for ny forskingsinnsats omkring temaet utnytting og tap av N og P, og verknad på grasavling og på herding og overvintring.

Prosjektet vil auka kunnskapsbasen omkring handtering av husdyrgjødsel under norske forhold ved engdyrkning, ved å kvantifisera verknad på gasstap (ammoniakk, lystgass og metan) av behandling av husdyrgjødsel, dekke på husdyrgjødsellager og ulike spreiemetodar (breispreiing, stripespreiing, injeksjon) i feltforsøk ved ulike spreietidspunkt. Ein skal utvikla strategiar for redusert avrenning av N og P i nye feltforsøk, data frå tidlegare feltforsøk, overvakingsprogram (JOVA) og modellering. I feltforsøk skal ein samanlikna ulike spreiemetodar, ulike kombinasjonar og tidspunkt for spreieing av husdyr- og mineralgjødsel, for å utvikla gjødselplanleggingsprogram som betrar utnyttinga av N og P i husdyrgjødsel, og klarleggja effekten av n-status på overvintringa. Ei særleg utfordring er å klarleggja betre utnyttinga av organisk N i husdyrgjødsela. Ein skal også granska korleis teknologi, logistikklosningar, lagerkapasitet og spreietidspunkt påverkar lønsemid og N-effektivitet i grovfôrdyrkinga, slik at gardbrukaren har eit betre grunnlag når val skal takast. Resultata skal formidlast slik at det gjev ny kunnskap og aukar forståinga blant bønder, rådgjevingsteneste og landbruksforvaltinga om verdien av ei optimal husdyrgjødselhandtering under klima- og jordtilhøve som er representative for kystfylka frå Sør-Vestlandet og nordover.

Prosjektet som er planlagt over 4,5 år, vil bli leia av Dr. Samson L. Øpstad ved NIBIO Fureneset. Prosjektet er delt inn i fem arbeidspakkar, leia av kvar sin forskar. Prosjektet er eit samarbeid mellom

NIBIO, Noregs miljø- og biovitakaplege universitet (NMBU), Norsk landbruksrådgjeving (NLR), Svensk institutt for landbruks- og miljøteknikk (JTI) med støtte frå landbruksnæringa ( Samarbeidsråd og landbruksnæring i fleire fylke, TINE, FKRA, FKAgric, NORTURA), landbrukstilknytta verksemder (Agromiljø AS, Reime AS, Moi AS) og frå regionalt nivå. Prosjektsøknaden svarar på utfordringane i utlysinga frå Forskingsmidlar for jordbruk og matindustri våren 2016, og adresserer sentrale utfordringar i LMD s St.meld. nr. 9 (2011-2012) (Landbruks- og matpolitikken), St.meld. nr. 39 (Klimautfordringene) og Landbruk og klimaendringer - rapport frå arbeidsgruppe 2016. Utlysinga under Forskingsmidlar for jordbruk og matindustri vektlegg sterkt formidling mot landbruksnæring, rådgjeving og forvalting, attåt vitskapleg publisering med referee.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	NIBIO-Norsk institutt for bioøkonomi Org.nr:988983837	-	-
Kontakt- person	Samson Øpstad	NIBIO Fureneset 6967 HELLEVIK I FJALER	40621871
Prosjekt- leder	Samson Øpstad	NIBIO Fureneset 6967 HELLEVIK I FJALER	40621871

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Støtte til medfinansiering av forskingsprosjekt;

Prosjekt DRAINIMP, støtte frå fleire fylkeskommunar. Storleik kr. 135 000 frå Sogn og Fjordane og totalt 535 000 frå dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Prosjekt Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu. Støtte frå fleire fylkeskommunar (viltstelltiltak) og frå (mange)kommunar (viltfondsmidlar). Prosjektstart i 2016, og prosjektperiode 2016-2018. Sum prosjektstøtte frå høvesvis fylkeskommunar og kommunar er det enno ikkje fullstendig oversyn over då det ikkje er motteke svar frå alle det er sendt søknad til. Eit overslag kan tyda på at samla støtte frå fleire fylkeskommunar tilsaman vil utgjera om lag kr.350000 for prosjektperioden, og at samla støtte frå kommunane tilsaman vil utgjera om lag kr. 650000.

Prosjekt Fornying av eng sett i produksjons- og kostnadsperspektiv. Eg skreiv den første søknaden til fleire fylkeskommunar og ba om støtte i form av førebels tilsegn om prosjektstøtte. Prosjektleiar for prosjektet er levina Sturite, og ho har handtert prosjektet seinare og er den som då har søkt fleire fylkeskommunar om midlar, og fått det innvilga. Prosjektstart i 2016, prosjektperiode 2016-2020.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Auka grasproduksjon, oppretthaldeing av nasjonal produksjon og sjølforsyning, reduksjon av drivhusgass emisjon (GHG) og tap av næringsstoff til omgjevnadane er av stor verdi for Norsk landbruk (meld. St. 9, St. Meld. 39).

Landbruksmyndigkeitene fastslo i 2016 at hovudmål for Norsk landbruk i eit klimaendringsperspektiv er å redusera GHG emisjon og næringstap pr produsert eining, auka fôr- og matproduksjonen og

tilpassa produksjonen til eit endra klima. Betre utnytting av husdyrgjødsela samsvarar godt med målet om å betra grovfôrproduksjonen og samstundes auka effektiviteten i utnyttinga av næringsstoff, med særleg målsetjing om auka N-effektivitet. Ny forsking har vist at N-innhaldet i storfegjødsel no er høgare enn tidlegare grunna sterkare føring og høgare produksjon (Karlengen et al. 2012). Dette medfører utfordringar med omsyn til å oppnå optimal utnytting av særleg N, men også P. Spreiing sein i veksetida er problematisk andsynes N-utnytting, herding og overvintring. Ein må søkja og finna samanheng mellom effektiv utnytting av husdyrgjødsel, optimal grasvekst og god overvintring i ein situasjon med endring i klima. Årleg nedbør har auka mykje sidan 1990, med størst auke om vinter og minst om sommar. Auken har ofte vore størst i Vest Noreg. Hanssen-Bauer et al. ( 2015) tilviser at perioden 1985-2014 må nyttast for å sjå 10-20 år framover. Effekten av organisk N-fraksjon i husdyrgjødsel er lite undersøkt, og lite teke omsyn til i verktøy for gjødselplanlegging (Eltun et al.2010). Lengre vekstsесong grunna klimaendring medfører at vekstavslutting og herding føregår seinare og under mindre optimale forhold med omsyn til overvintring (Østrem et al. 2014). N-tilgang frå husdyrgjødsel, både ammonium-N og mineralisering av organisk bunde N kan innverka på vekstavslutting. Langvarige registreringar (JOVA-programmet) har synt store overskot av N og P i grasproduksjon på intensivt drivne husdyrbruk (Bechmann & Deelstra 2013). Overskotet er ein risiko for N og P tap (Bechmann et al. 2012), men kva form næringsstoffa er i har avgjerande verknad på vasskvaliteten. Kunnskapen om verknaden av avrenning av organisk og uorganisk N og P er ikkje fullkommen. Det er trøng for betre norske data på fleire område med omsyn til nytteverknad og tap av næringsstoff i husdyrgjødsel, og med tanke på statistikk og rapportering. No må ein dels byggja på "antakelsar" og på verdiar som ikkje er knytt til norske tilhøve (Øygarden et al. 2009).

## **Prosjektmål**

Hovudmål:

Betre utnytting av N og P i husdyrgjødsel for å redusera tap og auka grasavlינגane

Delmål:

- 1.Identifisera og kvantifisera tap av ammoniakk (NH<sub>3</sub>) og klimagassar (N<sub>2</sub>O, CH<sub>4</sub>) frå lagring og spreiing av husdyrgjødsel
- 2.Utvikla strategiar for å redusera N- og P-avrenning frå utnytting av husdyrgjødsel
3. Vidareutvikla verktøy for gjødselplanlegging for å auka utnyttinga av N-og P i husdyrgjødsel og testa verknaden av teknologi og tidspunkt for spreiing og optimal bruk
- 4.Identifisera strategiar og verknader av husdyrgjødsel på overvintring av eng i eit mildare og våtare klima
5. Kvantifisera verknaden av "timing", teknologi og logistikk på lønsemrd
6. Formidla resultat til bønder, rådgjevingsteneste og offentleg forvalting

## **Forankring**

Utnyting av husdyrgjødsel er peika på som eit viktig satsingsområde blant anna av landbruket sine eigne næringsorganisasjonar og landbruksforvaltinga på kommunalt og regionalt nivå.

Prosjektsøknaden svarar på utfordringane i utlysinga frå Forskningsmidlar for jordbruk og matindustri våren 2016, og adresserer sentrale utfordringar i LMD's St.meld. nr 9 (2011-2012) (Landbruks- og matpolitikken), St.meld. nr. 39 (Klimautfordringene) og Landbruk og klimaendringer -Rapport frå arbeidsgruppe 2016.

## **Prosjektorganisering**

Prosjektet er delt opp i 6 arbeidspakkar med kvar sin arbeidspakkeleiari:

AP0: Prosjektleiing, Samson Øpstads, NIBIO.

AP1: Gasstap frå husdyrgjødsel, Lena Rodhe, Svensk institutt for landbruks- og miljøteknikk

AP2: Avrenning av nitrogen og fosfor, Marianne Beckmann, NIBIO

AP3: Gjødslingsplanleggingsverkty, Tor Lunnan, NIBIO

AP4: Mineralisering og overvintring, Liv Østrem, NIBIO

AP5: Timing, teknologi og logistikk, Heidi Knutsen, NIBIO

AP6: Formidling, Samson Øpstads, NIBIO

### **Samarbeidspartnere**

Prosjektet er eit samarbeid mellom NIBIO, Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU), Norsk landbruksrådgjeving (NLR), Svensk institutt for landbruks- og miljøteknikk (JTI) med støtte frå landbruksnæringa (Samarbeidsråd, TINE, FKRA, FKAgric, Nortura) og landbrukstilknytta verksemder (Agromiljø, Reime, Moi, Fatland, Q meieriet) og frå regionalt nivå.

### **Aktiviteter**

Aktivitetar som inngår i prosjektet er blant anna:

-Litteraturstudie

Innsamling av data gjennom feltforsøk ulike stader i landet, blant anna på Fureneset og på Særheim.

-Modellering

-Utvikling av dataverkty

-Formidling gjennom markdagar, demonstrasjonar, seminar, fagtidsskrift

-Vitskapleg publisering

### **Målgrupper**

Målgruppene for prosjektet er bønder, rådgjevingstenesta, kommunal og regional forvalting.

### **Resultat**

Prosjektet vil auke kunnskapen om korleis ein betre kan utnytte og redusere tap av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel, slik at næringsstoffa betre kan komme til nytte for engvekstar.

### **Effekter**

Betre utnytting av næringsstoffa i husdyrgjødsla vil redusere behovet for handelsgjødsel i grovfôrdyrkinga. Det vil redusere avrenninga av nitrogen og fosfor og gjere husdyrproduksjon og grovfôrdyrking meir miljøvenleg. Det vil også redusere utsleppet av klimagassar og gjere landbruket meir klimavenleg.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Aktivitet/milepål for arbeidspakkar	Frå år/kvartal	Til år/kvartal
AP0. Koordinering av prosjektet	2017/1	2021/1
AP2. Litteraturgjennomgang	2017/1	2017/3
AP1. Litteraturgjennongang/planlegging	2017/1	2017/4
AP3. Gjødslingsplanleggingsprogram	2017/1	2018/4
AP0. "Kick-off"-møte, planlegging	2017/2	2017/2
AP2. Drift av lysimeterfelt Særheim	2017/2	2019/2

AP3. Feltforsøk, separering	2017/2	2019/3
AP4. Etablere feltforsøk overvintring	2017/2	2017/3
AP5. Arbeidskraftstudiar	2017/2	2019/2
AP6. Demonstrasjonar og fagmøte bønder	2017/2	2020/3
AP4. Drift feltforsøk, datasamling	2017/3	2020/4
AP5. Spørjeundersøking	2017/3	2018/1
AP4. Analyser jord og planter	2017/4	2020/3
AP6. Populærvitenskapleg publisering	2018/1	2021/1
AP0. Årlege møte	2018/2	2020/4
AP1. Emisjonsmålingar spreiling gjødsel	2018/2	2020/2
AP1. Emisjonsmålingar lagring gjødsel	2018/2	2019/2
AP2. Modellering avrenning	2018/2	2020/3
AP5. Publisere resultat spørjeundersøking	2018/2	2018/4
AP4. Analysere data feltforsøk overvintring	2018/3	2021/1
AP6. Publikasjon: N-tap til vatn frå gjødsel	2018/3	2020/4
AP4. Rapport, publikasjonar overvintring	2018/4	2021/1
AP2. Publisering avrenning	2019/1	2021/1
AP5. Økonomisk modell	2019/1	2021/2
AP3. Gjødslingsplanleggingsverktøy på nett	2019/2	2020/4
AP3. Fagartiklar og vit. artiklar	2019/3	2020/4
AP6. Møter gjødselplateggning	2019/3	2020/1
AP1. Rapport gasstap	2020/3	2021/2

**Kostnadsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Andre kostnader	210 000	390 000	365 000	300 000	145 000	1 410 000
Løn og sosial utgifter				1 275 000		
Bioforsk	1 105 000	1 315 000	1 225 000		820 000	5 740 000
Løn og sosiale utgifter andre (FoU-tenester)	600 000	635 000	805 000	755 000	585 000	3 380 000
Utstyr	105 000	115 000	100 000			320 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>2 020 000</b>	<b>2 455 000</b>	<b>2 495 000</b>	<b>2 330 000</b>	<b>1 550 000</b>	<b>10 850 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Andre fylkeskommunar	58 000	58 000	58 000	58 000	58 000	290 000
NFR; Forskningsmidlar for jordbr			1 831 000	1 306 000		8 600 000
1 511 000	1 956 000	1 996 000				
Sum private midlar	429 000	419 000	419 000	419 000	164 000	1 850 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	22 000	22 000	22 000	22 000	22 000	110 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>2 020 000</b>	<b>2 455 000</b>	<b>2 495 000</b>	<b>2 330 000</b>	<b>1 550 000</b>	<b>10 850 000</b>

**Geografi**

1400-Sogn og Fjordane

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
MANUTGRASS_Application.pdf	8 024 788	25.10.2016